

Årsmelding 2006

Beta Grafisk AS • Nynorsk oversetter: Olav-Johan Øye • Kunstverk omslag: © Hanne Nielsen/BONO 2007 • Foto: © Werner Zellien





Årsmelding 2006

Rektor si innleiing

Noregs idrettshøgskole (NIH) er i sterk utvikling. Årsmeldinga gjev eit utfyllande bilde av verksemda. Lat meg her ta fram nokre trekk eg meiner har særskilt mykje å seie.

NIH har eit nasjonalt ansvar for det idrettsfaglege feltet. Vi har ei omfattande studieportefølje med sju bachelorprogram, fleire eittårige program, master- og PhD-studier og omfattande deltidsstudiar, og vi har mange og gode søkjarar. I eit norsk landskap der stadig fleire institusjonar tilbyr idretts-

studiar på lågare grad, merkar vi auka interesse for master-programma våre. I 2006 starta vi to nye program på master-nivå; eitt i idrettsfysioterapi med ekstern støtte, og eitt europeisk i fysisk aktivitet og helse i samarbeid med universitet i Roma, Wien og Odense. Det er spesielt gledeleg at NIH i aukande grad står fram som ein internasjonal utdanningsinstitusjon. I 2006 har vi hatt 50 utvekslings-studentar, mot berre 15 i 2005.

Innan forskning aukar NIH sin produksjon frå allereie sterke tal i 2005. Ved dei fem fagseksjonane vert det arbeidd med eit mangfold av teoretiske og metodiske tilnærmingar. Målsetjinga vår om internasjonal toppforskning krev derimot også satsing på særmerkte tema av spesiell relevans. I 2006 har seksjonane arbeidd med implementering av eigne forskingsmessige tyngdepunkt. Nokre miljø er allereie leiande internasjonalt, andre arbeider med å byggje seg opp. I tillegg har vi ei institusjonell satsing på aktivitetssentrert forskning innanfor ski, ballspel og det vi kallar "det aktive liv", mosjonsaktivitetar gjennom livsløpet.

NIH skal ha ei uavhengig og tydeleg idrettsfagleg stemme i samfunnet. Kommunikasjonsaktivitetane våre har i 2006 inkludert fleire opne fagarrangement og skapt ei rekkje faglege oppslag i massemedia. Samarbeidsavtalen med Birkeland Innovasjon om innovasjon og entreprenørskap er ein annan måte å styrkje samfunnsrelevansen vår på. Vi har tru på NIH sitt potensial i så måte.

Veksten i fagleg verksemd er gledeleg, men inneber også utfordringar, ikkje minst når det gjeld infrastruktur. I 2006 har styret for NIH sett av ressursar til eit tilbygg med kontor. Slik avviklar vi mellombelse løysingar, samstundes som vi samlokaliserer fagmiljø som i dag arbeider ved ulike deler av høgskulen. Ein rapport frå Statsbygg viser til eit omfattande behov for vedlikehald av den snart 40 år gamle bygningsmassen. Rehabilitering er strengt naudsynt for å kunne halde oppe kvaliteten i aktivitetsundervisninga vår, og for trivnaden til studentar og tilsette. I denne samanhengen ser vi fram til ein tettare dialog med Kunnskapsdepartementet.

Sigmund Loland
rektor



Kva er Noregs idrettshøgskole?

Som vitenskapelig høgskule har NIH eit særleg nasjonalt ansvar for forskning og utdanning i idrettsvitenskap. Ved NIH forstår vi idrett i utvida forstand som ulike former for menneskeleg rørsleaktivitet: Organisert idrett, kroppsøving, friluftsliv, leik, dans, trening og mosjon.

NIH driv forskning basert på eit breitt spekter av disiplinær, fag og aktivitetsorienterte tilnærmingar. Forskinga støttar NIH sine studieprogram som skal dekkje samfunnet sine behov for kompetanse innan feltet. Studieprogramma utdannar til arbeid innan idrett, skuleverk, helsevesen, offentlig forvaltning, privat og frivillig sektor, og forskning. NIH har dessutan ansvar for formidling av relevant kunnskap innanfor fagfeltet sitt til idretten og samfunnet elles.

Alle bygga og idrettsanlegga ved NIH er lokalisert ved Sognsvann, med Nordmarka som næraste nabo. At høgskulen ligg slik til, gjev svært gode rammer for studiar og forskning i idrettsfaget.



Hovudtal frå verksemda til NIH

I 2006 har NIH hatt mange gode resultat, særleg innan forskning. Der har produksjonen auka frå eit allereie høgt nivå. Også produksjonen av studiepoeng og grader har

auka noko, og vi har fått ein vesentleg auke i talet på utvekslingsstudentar.

	2002	2003	2004	2005	2006
Studentar¹	862	935	1257	1857	1420
• Lågare grad, heiltid	562	519	575	605	636
• Lågare grad, deltid ²	71	220	508	1019	535
• Hovudfag/Master	191	157	129	184	196
• Doktorgrad	38	39	45	49	53
Produksjon					
• Årseiningar á 60 studiepoeng ³	454	581	634	703	743
• Hovudfags-/masterkandidatar	44	40	39	50	37
• Doktorgradskandidatar	1	5	8	4	5
• Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift	27	57	69	81	85
Tilsette, årsverk⁴					
• ordinær verksemd	155,8	161,0	166,6	169,6	169,5
• oppdragsverksemd	17,7	14,0	10,0	16,8	20,6
• del kvinner	38,6%	36,2%	36,3%	38,7%	39,5%
Omsetnad, mill. kr	114,0	132,6	142,0	159,2	163,1

Kjelde: Database for høgare utdanning, Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste

¹ Eigen- og eksternfinansierte studentar og personar utan studierett

² T.o.m. 2005 inkluderer studietala studentar som har slutta undervegs i studiet. Frå og med våren 2006 vert registreringa av deltidsstudentar gjort på same måten som for dei andre studentane, der studentar som sluttar undervegs vert fanga opp raskare. Dette forklarar den tilsynelatande nedgangen frå 2005 til 2006

³ Eigen- og eksternfinansierte, nye 60-studiepoengseiningar

⁴ Faste og mellombelse tilsette



Studiar

NIH har sju 3-årige program som fører fram til bachelorgrad: Faglæruddanning i kroppsøving og idrettsfag; friluftsliv; fysisk aktivitet og helse; idrett, individ og samfunn; idrettsbiologi; Sport Management og trenarrolla. På masternivå vert desse fagområda førde vidare gjennom 13 ulike fagemne. Gjennom deltaking i EU sitt Erasmus Mundus-program, får vi godt kvalifiserte internasjonale studentar til det engelskspråklege masterprogrammet Adapted Physical Activity. Vi har også eit omfattande tilbod av vidareutdanning, der deltidsstudiet Fitness er klart størst. Alle studieprogram har fagleg forankring i éin av fagseksjonane.

Søkinga til studiane ved NIH er god, og karakterkrava for opptak viser at vi rekrutterer studentar med gode føresetnader. I 2006 har vi sett noko reduksjon i søkinga til 2. år i bachelorprogramma. Ei av forklaringane er at no har heile 13 av 18 utdanningsinstitusjonar med idrettsutdanning bygd opp 3-årige bachelorløp. Samstundes aukar søkinga til masterstudiar. Også søkinga til vidareutdanningane ved NIH er god, særleg til studiet Fitness.

NIH starta to nye masterstudiar i 2006:

Master i idrettsfysioterapi som er finansiert av Fondet for etter- og vidareutdanning av fysioterapeutar, og Master i Physical Activity and Health som er eit samarbeid med tre europeiske universitet om felles 2-årig mastergrad.

Studentmobiliteten har auka vesentleg frå 15 studentar i 2005 til 50 i 2006. Totalt er det no 80 studiepoeng engelskspråklege emne ved NIH, likt fordelt på lågare og høgare grad. NIH sin bilaterale avtale med University of California, Berkeley, er den mest attraktive for studentar som reiser ut.

Forskning

Den vitenskaplege publiseringa ved NIH har auka i 2006, og høgskulen styrkjer dermed posisjonen sin som ein sterk forskingsinstitusjon. Fagmiljøa har fortsett utviklinga av faglege tyngdepunkt og har eit aktivt forskingssamarbeid med andre institusjonar både nasjonalt og internasjonalt.

	2004	2005	2006
Vitenskaplege publikasjonar	69	81	89
• Nivå 1	58	58	60
• Nivå 2	11	23	29
Tidsskriftartiklar	63	77	77
Antologiartiklar	6	4	12

NIH har mange doktorgradsstipendiatar i høve til storleiken på institusjonen. Pr. 1.10.2006 hadde NIH totalt 30,3 årsverk i stipendiatstillingar. Av desse stillingane var 25,3 stillingar finansierte over NIH sitt eige budsjett. I 2006 vart det uteksaminert fem dr. scient. kandidatar ved NIH. I tillegg har to kandidatar levert avhandling til vurdering. Høgskulen ventar at det vert uteksaminert vesentleg fleire doktorgradskandidatar i 2007.

Fagleg fokus

Den tematiske inndelinga i fem fagseksjonar viser at NIH har eit nasjonalt ansvar for breidda i det idrettsfaglege feltet. Forskingsprofilen gjev til kjenne strategiske satsingar og prioriteringar. Seksjonane har følgjande faglege fokus:

- *Seksjon for fysisk prestasjonsevne* studerer faktorar som er avgjerande for fysisk prestasjonsevne og effekt av trening. Seksjonen har eit særlig ansvar for eitt av NIH sine satsingsområde innan aktivitetssentrert forskning: Trenings- og rørslelære med hovudvekt på skiidrett.
- *Seksjon for coaching og psykologi* har sine faglege tyngdepunkt innan coaching og idrettspsykologi, med hovudretningane meistringspsykologi og helsepsykologi. Seksjonen har eit særleg ansvar for eitt av NIH sine satsingsområde innan aktivitetssentrert forskning: Coaching med hovudvekt på ballspel.
- *Seksjon for kroppsøving og pedagogikk* har ansvar for utdanning av kroppsøvingslærarar, spesialpedagogar i tilpassa fysisk aktivitet og rettleiarar i friluftsliv. Pedagogikk er det sentrale fagområdet. Friluftsliv, leik og dans er tyngdepunkt på aktivitetssida.
- *Seksjon for idrettsmedisinske fag* studerer korleis fysisk aktivitet kan medverke til utvikling av fysisk og psykisk helse, førebyggje sjukdom og auke livskvaliteten hos menneske med ulike typar lidningar. Forskinga fokuserer på førebygging av idrettsskadar; kvinner, trening og helse; fysisk aktivitet og helse; overvaking av fysisk aktivitet og fysisk form; og aktiv rehabilitering av muskel-/skjelettlidningar.
- *Seksjon for kultur og samfunn* har sitt faglege tyngdepunkt innan idretts sosiologi, idrettshistorie, idrettsfilosofi og Sport Management. Seksjonen driv undervising og forskning frå samfunnsvitenskaplege og humanistiske perspektiv i tema som idrett og identitet, idrett og kjønn, idrett og verdier og Sport Management.



Innovasjon

NIH har gjort ein intensjonsavtale om samarbeid med Birkeland Innovasjon (UIO). Høgskolen har saman med Birkeland fått middel frå Noregs forskingsråd (NFR) til å gjennomføre tiltak for å etablere ein infrastruktur for innovasjon og kommersialisering ved NIH. Høgskolen har utarbeidd ein innovasjonspolitik som inneheld mål og strategiske tiltak for innovasjon og entreprenørskap. Neste skritt vert å arbeide ut ein politikk for handtering av immaterielle rettar (IPR-politikk) og retningslinjer for sidegjere mål.

Formidling og populærvitenskapleg verksemd

Noregs idrettshøgskole har dei siste åra hatt auka fokus på formidling og kommunikasjon. Sentrale mål i høgskolens kommunikasjonsstrategi er å ha ein offensiv kommunikasjon med media og interessentane våre. NIH ønskjer å gjere si rolle i samfunnet meir tydeleg og leggje til rette for samarbeid og relasjonsbyggjing når det gjeld profilering av NIH og formidling av forskning.

Tilsette ved høgskulen har produsert fleire lærebøker og fagstoff i form av DVD-ar. Vi driv ei omfattande populærvitenskapleg verksemd gjennom føredrag og kortare kurs for ulike institusjonar og organisasjonar. I samband med Forskingsdagane 2006 tok NIH del på Forskingstorget, der temaet vårt var juks innan idretten. I 2006 vart den årlege Vårfestivalen arrangert på NIH. Over 200 ungdommar frå 14 skular i alderen 11- 19 år tok del i regi av Gøteborg/ Oslo-samarbeidet.

Biblioteket ved NIH er det største idrettsbiblioteket i landet. Samlinga har hovudvekt på idrettsfaglege emne, som idrettspsykologi, idrettshistorie, idrettspedagogikk, idretts sosiologi, idrettsmedisin, anatomi og fysiologi.

Høgskolen har omfattande etterutdanningsverksemd, med over 1000 kursdeltakarar i 2006. All etterutdanning er eksternt finansiert og retta mot tilsette i skolen, trenarar og leiarar i idretten og fitnessstilsette.

Økonomisk stilling

NIH er i hovudsak finansiert av statleg grunnløyving. I tillegg får høgskulen enkelte øymerke offentlege tildelingar, kursavgifter som delvis dekkjer kostnader til etter- og vidareutdanningsaktivitetar ved høgskulen, leigeinntekter frå eksterne brukarar av høgskulen sine anlegg, og inntekter frå eksterne oppdragsgjeverar for forskings- og utgreiingsoppdrag NIH tek på seg.

Vi har i 2006 gjennomført statsoppdraget på ein god og sikker måte, samstundes som vi har klart å setje av ein monaleg del av driftsløyvinga til investeringar i nybygg. Det har heile tida vore ein føresetnad at avsetjing til nybygget måtte haldast på eit slikt nivå at kjerneverksemda ikkje vart skadelidande. Vi meiner at resultatata for 2006 viser at vi har greidd dette.

REKNESKAP 2006

RESULTAT

(Beløp i NOK 1000)

	2006	2005
Tilskot frå KD, andre departement og statlege etatar	126 589	124 106
Tilskot frå NFR	1 849	1 794
Inntekt frå eksternt finansiert verksemd	25 649	25 142
Sal av eigedom, utstyr og liknande	12	60
Andre inntekter	9 005	8 069
Sum driftsinntekter	163 104	159 171
Lønnskostnader	(104 557)	(99 334)
Investeringar og påkostingar	(4 606)	(5 638)
Andre driftskostnader	(47 135)	(48 222)
Sum driftskostnader	(156 298)	(153 194)
Driftsresultat	6 806	5 977
Netto avrekning løyvingsfinansiert verksemd	(4 659)	(5 765)
Resultat avrekning av løyvingsfinansiert verksemd	2 147	212
Netto finansinntekt/(-kostnad)	(2)	(10)
Ordinært resultat	2 145	202
Sum ekstraordinære postar	0	0
Resultat frå verksemda dette året	2 145	202
Resultat løyvingsfinansiert verksemd belasta verksemdskapital:		
Verksemdskapital ved einingane	182	763
Resultat frå eksternt finansiert verksemd	2 327	965
Disponering av resultat frå eksternt finansiert verksemd		
Til verksemdskapital ved einingane	300	965
Til annan verksemdskapital	2 027	0
Sum fordelt	2 327	965

BALANSE

(Beløp i NOK 1000)

	2006	2005
EIGEDELAR		
Kundefordringar	7 873	7 654
Prosjektfordringar	651	210
Andre fordringar	3 527	2 612
Bankinnskot, kontantar og liknande	42 780	36 025
SUM EIGEDELAR	54 831	46 501
VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD		
Opptent verksemdskapital (frå eksternt finansiert verksemd)		
Verksemdskapital ved einingane	2 172	2 054
Anna verksemdskapital	3 375	1 348
Sum opptent verksemdskapital	5 547	3 402
Avsetningar for forpliktingar		
Avsett del midlar til løyvingsfinansiert verksemd	18 279	13 620
GJELD		
Leverandørgjeld	5 484	4 088
Skuldige skattetrekk	3 953	3 838
Andre skuldige offentlege trekk	325	861
Skuldige offentlege avgifter	3 618	3 602
Avsette feriepengar	8 132	7 752
Prosjektgjeld	3 776	3 785
Anna kortsiktig gjeld	5 717	5 553
Sum gjeld	31 005	29 479
SUM VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD	54 831	46 501

Helse, miljø og tryggleik

NIH har gått inn i ein samarbeidsavtale om inkluderande arbeidsliv. I 2006 har vi hatt eit sjukefråvere på 4,4 %. Dette er ein svak auke frå 2005.

NIH har vedteke HMS-politikk, og har etablert eit fungerande Arbeidsmiljøutval og ei verneombodsordning. Høgskulen arbeider kontinuerleg for å betre arbeidsmiljøet både for tilsette og studentar.

Læringsmiljøutvalet (LMU) fekk ny studentleiar frå hausten 2006, og har auka aktiviteten sin. Resultata frå læringsmiljøundersøkinga har vist LMU og høgskulen elles kva tiltak som bør prioriterast i tida framover. Studentane rapporterte trong for fleire arbeidsplassar for grupper, og betre høve til bruk av trådløst nett. Av fysiske tilhøve er det størst trong for å betre luftkvaliteten. For deler av bygningsmassen er det sett i verk tiltak straks. I den eldste bygningsmassen, som treng omfattande rehabilitering, skal det utviklast ein plan for ei generell oppgradering.

Ytre miljø

NIH si verksemd forureinar ikkje det ytre miljøet. Det vert teke omsyn til miljøet som ein integrert del av drifta og undervisinga ved høgskulen.

NIH starta i februar 2006 prosjektet Grønt NIH. Dette arbeidet vart ferdig i januar 2007, og mål og handlingsplan er utarbeidd. Prioriterte mål og tiltak i 2007 er:

- Innkjøp:** Ein større del miljømerka produkt og færre produkt som vil verte spesialavfall.
- Transport:** Auka bruk av kollektiv transport på tenestereiser
- Avfall:** Redusert papirforbruk
- Energi:** Utgreie om det kan nyttast fleire varmepumpe-løysingar i samband med prosjektering av nybygg/rehabiliteringar

Anlegg

NIH vart etablert med første byggjetrinn i 1966 og førebels siste i 2000. Totalt utgjer bygd areal 32 100 m². Utvendige idrettsanlegg og opparbeidd park er på om lag 95 mål. NIH forvaltar sin eigen eigedomsmasse.

NIH sine bygg og anlegg vert primært nytta til undervising og forskning. Den faglege profilen til NIH-studiane, med stort innslag av aktivitetsfag der ein kan spesialisere seg innan mange idrettar, krev store areal og varierte anlegg. Omlegging av studiar i tråd med Kvalitetsreforma har forsterka kravet til funksjonelle anlegg ytterlegare.

Høgskulen vil i 2007 starte byggjing av eit nytt kontorbygg. Når dette vert ferdig, vert det ikkje lenger naudsynt å nytte brakkekontor, og det vert mogleg å samle fagmiljøa, inkludert stipendiatane. Dette er eit stort løft for NIH både økonomisk og aktivitetsmessig, og vi ser med forventning fram til at bygget vert ferdig hausten 2007.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Statsbygg gjennomført ein tilstandsanalyse av bygningsmassen og utomhusanlegga til NIH. Analysen gjev ei omfattande utgreiing av dei utfordringane vi har når det gjeld vedlikehald av bygningane ved høgskulen. Tilstandsanalysen viser at ei rehabilitering for å ta att etterslep i vedlikehald og utbetringar for å tilfredsstille HMS-krava til styresmaktene, vil innebere ei total investering på om lag 200 mill. kroner.



Styre og leiing ved NIH

Styret

Rektor og styreleiar

Sigmund Loland,
professor

Vitskapeleg tilsette

Kari Fasting,
professor

*Teknisk og
administrativt tilsette*

Eystein Enoksen,
1. amanuensis
Frank Abrahamsen,
stipendiat

Studentar

Øystein Bråthen
Gunnhild Digernes

Eksterne medlemmer

Sven Mollekleiv,
Human Resource Manager,
Det norske Veritas

Magnhild Sundli Brennval,
administrasjonsleiar,
Fylkesmannen i Oslo og
Akershus

Niels R. Kiær,
partner, Advokatfirmaet
Rime & Co

Wenche Nystad,
seniorforskar,
Folkehelseinstituttet

Organisasjonskart

